



Dato: 20.05.2014
Arkivref: 2013/945-5566/2014

Saksbeh.: Karl Johan Stadsnes

Saksnr	Utval	Møtedato
40/14	Nærings- og utviklingsutvalet	02.06.2014
52/14	Kommunestyret	17.06.2014

Gimsdalen småkraftverk - Høringsuttale til NVE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Sykkylven kommune er usikker på om det er ynskjeleg med etablering av Gimsdalen småkraftverk. Søknaden vert plassert i gul kategori. Sykkylven kommune heller meir mot raud kategori enn grøn kategori i samband med denne høringsuttalen. Grunngevinga for dette er verdifulle landskapselement, inngrep i relativt urørt natur, den store friluftsverdien i området, motstanden folk har vist mot etablering av kraftverk i Gimsdalen og reduksjonen av vassføring i Gimsdalselva. Det siste kan m.a. påverke anadrom elvestrekning i øvre Vikeelva og delar av nedre Gimsdalselva.

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 02.06.2014

Behandlingsinformasjon:

9 røysteføre

Det var synfaring på Gimsdalen i forkant av møtet.

Karl Johan Stadsnes orienterte og svara på spørsmål.

Utvalet drøfta saka.

NU la fram slikt forslag om endring i rådmannen sitt framlegg til vedtak og til nytt pkt. 2:

Ein stryk setninga:

Sykkylven Kommune heller meir mot raud kategori enn grøn kategori i samband med denne høringsuttalen.

Nytt pkt. 2:

Sykkylven kommune ber NVE om å stille krav til Coandainntak, slik at veg ikkje blir nødvendig. Vidare at det vert stilt store krav til tildekking /tilbakeføring av terreng der ein grev røyr-gata.

Samrøystes vedtak:

Pkt. 1. som rådmannen sitt framlegg med NU sitt forslag til endring

Pkt. 2. Sykkylven kommune ber NVE om å stille krav til Coandainntak, slik at veg ikkje vert nødvendig. Vidare at det vert stilt store krav til tildekking /tilbakeføring av terreng der ein grev røyr-gata.

Nærings- og utviklingsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Sykkylven kommune er usikker på om det er ynskjeleg med etablering av Gimsdalen småkraftverk. Søknaden vert plassert i gul kategori. Grunngevinga for dette er verdifulle landskapselement, inngrep i relativt urørt natur, den store friluftsverdien i området, motstanden folk har vist mot etablering av kraftverk i Gimsdalen og reduksjonen av vassføring i

- Gimsdalselva. Det siste kan m.a. påvirke anadrom elvestrekning i øvre Vikeelva og delar av nedre Gimsdalselva.
2. Sykkylven kommune ber NVE om å stille krav til Coandainntak, slik at veg ikkje vert nødvendig. Vidare at det vert stilt store krav til tildekking /tilbakeføring av terreng der ein grev røyrkata.

Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 17.06.2014

Behandlingsinformasjon:

Bjørn Idar Lyngvær tok igjen sete, og vara Magnar Gjerde gjekk frå.

Steinar Johan Bakke (AP) og Jarle Strømmegjerde (H) stilte spørsmål om deira habilitet. Dei vart begge kjent inhabile.

Vara kom fram og tok sete. Ole Kjell Eidem (AP) tok sete for Bakke og Torill Velle (H) tok sete for Strømmegjerde.

Rådgjevar Karl Johan Stadsnes orienterte.

Kommunestyret drøfta saka.

Venstre v/Arne Bakkedal la fram forslag om å endre plassering frå gul til raud kategori i framlegget til rådmannen.

Bjørn Idar Lyngvær (FRP) fremja slikt tilleggsforslag:

Sykkylven kommune er i utgangspunktet positive til etablering av småkraftverk. Slik etablering vil gi positive ringverknader for næringa i kommunen både under anleggsfasen og etter at anlegga er i drift. Etablering av småkraftverka vil styrke økonomien i landbruket og trygge drift av eksisterande bruk. Ei auka inntening vil bidra til å sikre arbeidsplassar og vedlikehalde kulturlandskapet.

Steinar Myrseth (H) la fram slikt tilleggsforslag:

Sykkylven kommune ber tiltakshavar, i samarbeid med NVE, om å finne den beste løysinga for gjennomføring av tiltaket.

Tilrådinga frå nærings- og utviklingsutvalet (NU) vart sett opp mot forslaget frå Venstre. 15 røysta for tilrådinga frå NU. Tilrådinga frå NU vart vedteke.

Det vart deretter røysta over tilleggsforslaget frå Lyngvær. 8 røysta imot, og forslaget vart vedteke.

Til slutt vart det røysta over tilleggsforslaget frå Steinar Myrseth som vart samrøystes vedteke.

Vedtak: som tilrådinga frå NU med tillegg pkt. 3 og 4

1. Sykkylven kommune er usikker på om det er ynskjeleg med etablering av Gimsdalen småkraftverk. Søknaden vert plassert i gul kategori. Grunngevinga for dette er verdifulle landskapselement, inngrep i relativt urørt natur, den store friluftsverdien i området, motstanden folk har vist mot etablering av kraftverk i Gimsdalen og reduksjonen av vassføring i Gimsdalselva. Det siste kan m.a påvirke anadrom elvestrekning i øvre Vikeelva og delar av nedre Gimsdalselva.
2. Sykkylven kommune ber NVE om å stille krav til Coandainntak, slik at veg ikkje vert nødvendig. Vidare at det vert stilt store krav til tildekking/tilbakeføring av terreng der ein grev røyrkata.
3. Sykkylven kommune ber tiltakshavar, i samarbeid med NVE, om å finne den beste løysinga for gjennomføring av tiltaket.

4. Sykkylven kommune er i utgangspunktet positive til etablering av småkraftverk. Slik etablering vil gi positive ringverknader for næringa i kommunen både under anleggsfasen og etter at anlegga er i drift. Etablering av småkraftverka vil styrke økonomien i landbruket og trygge drift av eksisterande bruk. Ei auka inntening vil bidra til å sikre arbeidsplassar og vedlikehalde kulturlandskapet.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gimsdalselva fallrettslag ynskje å nytte vassfallet i Gimsdalselva til kraftproduksjon og søker NVE om løyve til å bygge Gimsdalselva kraftverk, overføring av vatn frå Tverrelva til inntaksdam i Gimsdalselva og drift av Gimsdalselva kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner som skildra i søknaden. I den samanheng er Sykkylven kommune høyringspart.

Samandrag av Saksopplysningar

Gimsdalselva kraftverk ynskjer å utnytte eit fall på ca. 305 meter. Kraftverket vil ha sitt inntak på kote 455 og kraftstasjonen vil verte plassert på kote 150. Middelårproduksjon er utrekna til 12,5 GWh. Maks installert effekt på 4 MW. Røyrgate vil verte på ca. 2300 m. Røyr 800 mm. Ryddebelt 10-15 meter. Inntaksbassenget aust for Gimsdalsstølen kan få eit areal på 750 m². Volum 1500 m³. Høgde på dam vert om lag 5 meter. Det vert søkt om omlegging av Tverrelva, so søkjar vil etablere ein ny elvestreng på om lag 30 meter. Lengda på råka elvestrekning er ca. 3020 meter. Utbyggingskostnad er på 41,43 mill.kr. Utbyggingspris er 3,31 kr/kWh. Minstevassføring er oppgjeve til 81 l/s både sommar og vinter. 5 – persentil sommar (1/5 - 30/9) 303 l/s.

Inntaksdammen byggast på kote 455. Inntakskammeret vil verte plassert ilag med damkonstruksjonen på austsida av elveløpet. Inntaket vert bygd som ei tradisjonell inntaksløysing med finvaregrind framfor konus. Bak konus, i eige lukka kammer, vert der ein stengeventil, lufterøyr og minstevassføringssystem. Trykksensorar inne i inntaksbassenget regulerer pådraget på maskina til ei kvar tid.

Tiltaket vil vere positivt i høve fornybardirektivet og felles norsk-svensk målsetjing om 26,4 TWh fornybar energi innan 2020. Tiltaket vil også vere samfunnsøkonomisk positivt med tanke på skatteinntekt og vere positivt for utbyggjarar og fallrettshavarar.

Røyrkata vil medføre inngrep i naturen. Det er ikkje kjend spesielle naturverdiar som er avhengig vassføring, men søkjar antek at einskilde vasstilknytte artar vert negativt påverka. Tiltaket vil medføre lågare vassføring i elva nedanfor inntaket og dagens foss vert mindre synleg enn i dag. Frå inntaksdammen og ned til kote 180 kan det verte mindre fisk som følgje av tiltaket. Elva er ikkje fiskerik i dag ifølgje søkjar. Dagens vegar er mykje nytta til turgåing i dag. Røyrkatetraseen vil hovudsakleg følgje ei utviding av eksisterande veg ned til kraftstasjonen. Vegen vil verte utvida i høve dagens vegføring.

Det skal sleppast minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring som er utrekna til 81 l/s heile året. Anleggsarbeidet er planlagt utført slik at verknaden for elva og terrenget vert minst mogleg. Dette gjeld særleg avrenning til elva frå graving ved inntak, i røyrtrase og kraftstasjonen.

Vurdering

Rådgivande Biologer AS gjennomførte ungfiskundersøking på dei lakseførande delane av Vikeelva i Sykkylven i oktober 2013 etter oppdrag frå Vikeelva Elveeigarlag. Bestandene av ungfisk ble undersøkt med elektrisk fiske i elvene. Det vart fanga totalt 44 lakseungar, fordelt på 43 eittåringer og ein fireåring. Det vart ikkje fanga årsyngel. Det vart fanga 55 individ av aure i fleire årsklassar (Rapport, Rådgivande biologar As, ungfiskundersøkingar i Vikeelva, 2013). Dette gjeld både innlandsaure og sjøaure. Det vil verte gjort ein ny undersøking sommar 2014 (pers.med. Jan Melseth, Leiar Sunnmøre Elveeigarlag).

Tiltaket vil medføre vesentleg reduksjon av vassføringa nedanfor inntaket. Dette vil truleg påverke anadrom laksefisk i Gimsdalselva nedanfor fossen og Vikeelva før kote 180 kor vatnet frå kraftstasjonen kjem tilbake i elva. Samstundes vil vassføring frå Straumsdalselva, minstevassføring og restvassføring dempe ein del av reduksjonen tiltaket medfører. Ifølgje Biologisk mangfald rapport jf vedlegg antek ein at einskilde vasstilknytte artar vert påverka av tiltaket. Dette gjeld også invertebrater i elvestrengen.

Landskapselement som vert rørt ved er mellom anna Gimsdalsfossen som ein god del menneske har eit nært forhold til. Over 640 menneske har stemt i mot ei eventuell utbygging av dette området. (per. 22.mai 2014). Bakgrunnen for denne motstanden er spesielt Gimsdalsfossen som verdifullt landskapselement og landskapskvalitetane området innehar. Dette har rådmannen forståing for. Ein lyt såleis her vurdere landskapskvalitetane til området som store etter retningslinjer for små vasskraftverk utarbeidd av Olje- og energidepartementet i 2007. Eine og aleine kan ein etter rådmannen sitt skjønne korkje plassere konsesjonssøknaden til Gimsdalen småkraftverk i raud eller grøn kategori. Det vil verte store naturinngrep som følgje av tiltaket og landskapskvalitetar vil verte redusert. Her spesielt i området aust for Gimsdalsstølen. Ein vil få ein reduksjon av vassføring i Gimsdalelva som medfører ein sterkt redusert/modifisert foss i framtida. Reduksjon av INON område sone 1 vert på 1,21 km². Det er også eit tap av natur- landskapsverdiar når ein får færre inngrepsfrie naturområde til tradisjonelt og enkelt friluftsliv. Konsesjonsområde er mykje brukt til friluftsliv.

Retningslinjer for små vasskraftverk – Olje og Energidepartementet 2007

Olje- og energidepartementet (OED) har utarbeidd retningslinjer for korleis konsesjonshandsaminga til NVE vert i høve små vasskraftverk. Tema som OED vurderer som sentrale i verknader små kraftverk kan ha på miljøet er; verdifulle landskapselement, sårbare område i høgfjellet, fjordlandskap, biologisk mangfald, inngrepsfrie områder, fisk og fiske, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv kor landskapet eller naturen er ein vesentleg del av attraksjonen. Andre viktige tema er vurdering av samla inngrep i eitt område, EUs vassdirektiv, verna vassdrag og mogleg avbøtande tiltak ved utbygging av små kraftverk. Verdivurderinga vert inndelt i stor, middels eller liten verdi. Vurderinga sei ikkje alltid noko om konfliktnivået for og imot utbygging av eitt vassdrag. Ofte vil ei høg verdisetjing innanfor eitt eller fleire av undertema løyse ut ein del konflikt. (Retningslinjer for små vasskraftverk. OED, 2007.

Konfliktgrad/Samla inngrep i høve 5 søknadar om konsesjon for vasskraft

Konfliktgraden i høve Aurdal småkraftverk og Nedre Huna småkraftverk vert vurdert som relativt liten. Konfliktgraden i høve Gimsdalen småkraftverk vert vurdert som middels stor. Konfliktgraden i høve Kroken småkraftverk – Regndalen og Øvre Huna småkraftverk vert vurdert som stor. Dette samsvarar med verdisetjingane i angjeve tema i søknadene med vedlegg jf avsnitt ovanfor utarbeidd av Olje- og energidepartementet.

Rådmannen sitt framlegg til høyringsuttale gir grøn kategori til 2 småkraftverkssøknader (Ja), gul kategori til 1 konsesjonssøknad (Usikker) og raud kategori til 2 konsesjonssøknader (Nei) når ein vurderer samla inngrepsbelastning for dei ulike områda jf verdisetjingstematikk i retningslinjer for små vasskraftverk (OED) 2007. Nærings- og utviklingsutvalet (tilråding) og Kommunestyret (vedtak om offisiell kommunal uttale til NVE) står fritt til å endre dette slik dei folkevalte ynskjer.

Oppsummering Gimsdalen småkraftverk

Der er ikkje gjort funn av særlege naturtypar i området gjennom biologisk mangfald rapport. Etablering av inntaksdam aust for Gimsdalssætra, ny vegføring på 700 meter fram til inntaksdam, og røyrtrase på 700 meter vil ved ein eventuell konsesjon gje dei største naturinngrepa. Røyrtraseen vil gro til att, men landskapskvaliteten på dette mykje brukte turområdet vil verte redusert om NVE vel å gje konsesjon.

Det verdifulle landskapselementet Gimsdalsfossen vil få sin landskapskvalitet redusert som følgje av tiltaket. Per 22.mai 2014 er det ca. 640 menneske som har stemt imot ei eventuell kraftutbygging i Gimsdalen gjennom ein facebook-aksjon. Antalet aukar kvar dag i følgje arrangør som er «Vik og Blindheim frilufsorganisasjon.»

Konsesjonssøknaden til Gimsdalen småkraftverk vert plassert i gul kategori. Dette er område kor rådmannen er usikker på om det er ynskeleg med utvikling av småkraft. Rådmannen hellar meir mot raud kategori enn grøn kategori i høve søknaden. Etter rådmannen sitt skjønne bør ein kanskje velje føre-

var prinsippet i høve utbygging av Gimsdalen småkraftverk. Dette lyt i den vidare prosessen vere opp til folkevalte og NVE å presisere i sine respektive handsamingar av høyringsuttalen/konsesjonssøknaden. Kommunen viser også til at der er dissens mellom ulike fallrettshavarar/grunneigarar i høve kraftutbygging i området. Det var med minst mogleg fleirtal fallrettshavarane i området gjekk inn for å søkje NVE om konsesjon til småkraftkraftverk.

Rådmannen ber politiske folkevalte om ein grundig diskusjon kring dette tema den 2.juni og 19.juni når høyringsuttalane for 5 småkraftverk i Sykkylven kommune skal opp til politisk behandling.

Økonomiske konsekvensar

Ingen for kommunen. Positivt for fallrettshavarane.

Eldrid Sourza
rådmann

Bjarte Hovland
einingsleiar

Karl Johan Stadsnes
rådgjevar miljø og landbruk